

Saksbehandlar: Ingeborg Lysne Mcevoy, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/471-1

## **Avtale destinasjonsselskapa 2018-2019**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Avtala mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og destinasjonsselskapa vert godkjent slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Avtale mellom destinasjonsselskapa 2018- 2019

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Hovudutval for næring og kultur har fått fullmakt til å godkjenne ny avtale mellom fylkeskommunen og destinasjonsselskapa for 2018 og 2019, innan ei årleg ramme på 2,2 mill. kr (sak 59/17). Sjå vedlegg.

Formålet med avtala er å sikre god samhandling mellom fylkeskommunen og dei regionvise selskapa som jobbar ut mot kommunane og bedriftene. Tidligare har avtala omhandla marknadsføring i større grad enn no, grunnen til at dette er teke ut av avtala er at vi allereie har avtale med Fjord Norge som driv marknadsføring av Vestlandet ut mot den internasjonale marknaden. I avtala får destinasjonsselskapa eit ansvar for å løfte satsinga på produktutvikling slik at dei tilreisande finn det attraktivt å opphalde seg lengre i fylket. Slik kan ein bidra til auke i tal gjestedøgn og auka verdiskaping for reiselivsbedriftene. Dette er også med på å styrke satsinga på ei berekraftig utvikling av reiselivet i Sogn og Fjordane.

Forklaring til avtala: Der det er sett inn XXXX skal det fyllast inn med namn på selskap. Der det er sett inn **XXXX** skal det fyllast ut tilskotssum for kvart av selskapa. Fordelinga av tilskot mellom selskapa er forklart i punkt 3. Fordeling av tilskot.

### **3. Fordeling av tilskot**

For å fastsette kor stort tilskotet til kvart selskap skal vere har ein nytta ein formel som vart laga i 2011. Fordelinga er rekna ut i frå gjennomsnitt gjestedøgn i ein treårsperiode. Eit gjestedøgn er ein gjest som overnattar ei natt. For 2016 er fordeling av tilskot rekna ut i frå gjennomsnitt gjestedøgn i perioden 2014 - 2016. Innan utgangen av 2018 vil fordeling for 2019 settast ut i frå gjennomsnitt gjestedøgn for perioden 2015 - 2017 og innafør dei økonomiske rammene som vert lagt i budsjett for 2019.

Tidligare har ein vist skjønn og fordelt tilskotet likt mellom Visit Fjordkysten og Sunnfjord Utvikling, medan i år har ein følgd fordelingsnøkkelen fullt ut. I budsjettet for 2017 vart det lagt

til ei tilleggsløyving for dei to selskapa som også fell frå i år. Difor vert differansen i tilskot for desse selskapa samanlikna med førre avtale ekstra stor. For Visit Sognefjord og Visit Nordfjord kjem reduksjonen som ei følgje av ein reduksjon i samla tilskot til destinasjonsselskapa frå førre avtale då ein hadde 2,4 mill. til fordeling. Fordeling av tilskotet for 2018 ser slik ut:

Selskap	Gjennomsnitt gjestedøgn 2014-2016 i prosent	Fordenling av tilskot basert på gjestedøgn	Fordeling av tilskot i prosent	Reduksjon tilskot frå 2017 i prosent
Visit Sognefjord	48	1 055 000	48	-11
Sunnfjord utvikling	13	285 000	13	16
Visit Fjordkysten	9	200 000	9	-20
Visit Nordfjord	30	660 000	30	-13